

Høyringsuttale

- planprogram for kommunedelplan for skule 2014-2018

Utdanningsforbundet Lindås har sett på framlegg til planprogram for kommunedelplan for skule og har følgjande kommentarar:

Utdanningsforbundet Lindås meiner det er viktig framleis å ha med seg det som står i det opphavlege målet for kommunedelplanen at **”planen ikkje er tufta på økonomiske innsparingar”** og at ein vil **”halda fokus på kvalitet.”**

I dette planprogrammet står det derimot: « målsetting om å redusera driftskostnadene i kommunen».

Når kommunen no har skifta fokus, vil Utdanningsforbundet Lindås peika på at ein ikkje må gløyme kvaliteten. Det må vere ei føresetnad at arbeidstilhøva for elevar og tilsette skal vera minst like gode etter ei ev. endring som før endringa.

Tema og avgrensing av innhald.

Vi stiller oss spørsmålet om det er rett å avgrensa innhaldet til å gjelda to av tre ungdomsskulekrinsar. Knarvik er eit pressområde der ungdomsskulen er for liten og der barneskulen ikkje er godkjend og manglar rom. Ei avgrensing må ikkje føra til at skulane i Knarvik ungdomsskulekrins blir gløymde. Slik vi ser det så kjem avgrensinga som ei følge av ønskje om å leggja ned skular.

Planprosess og medverknad.

Det er naturleg at trepartsgruppene (rektor, arbeidsplassstillitsvald og verneombod) er medlem av referansegruppene

Framdrift.

Tidsplanen må sikre at ein har tilstrekkeleg tid til ei forsvarleg handsaming der alle aktuelle partar har nok tid til rådvelde til å gå grundig inn i sakene. Dei tilsette må bli ivaretekne på ein god måte i heile prosessen, både med god informasjon og medverknad, slik at belastninga undervegs og ved eventuelle endringar blir minst mogleg. Ein del av dei tilsette har gjentekne gongar opplevd at arbeidsplassane deira har vore truga av nedlegging. For desse er det ekstra viktig at alle vedtak er godt fundamenterte, så dei får avklaringar som held seg over tid. Politiske omkampar er ingen tent med.

Utdrag frå tidlegare skriv frå Utdanningsforbundet Lindås, desse utsegna er framleis høgst aktuelle:

Høyringsuttale 15/10 -2009 og skriv datert 13/2-13:

”Utbygging må vera framtidsretta og ta høgde for elevtalsauke (ikkje minimumsløysingar)”

Skriv til arbeidsgruppa 5/11 – 2012 og skriv datert 13/2-13:

”Det er viktig at det ved utbygging av skular vert teke høgde for auke i elevtalet og at det er rikeleg med plass til dei ulike aktivitetane skulen skal ha føre seg. Det gjeld både undervisningsareal (inkludert grupperom og spesialrom), arbeidsrom og møterom. Elevar og tilsette må sleppa at nybygg er for tronge allereie når dei vert tekne i bruk.”

”Vi meiner det ikkje blir rett å slå fast at store skular er betre enn små eller omvendt.”

Utdanningsforbundet Lindås sin høyringsuttale i 2009 og skriv datert 13/2-13:

”Ro og stabile tilhøve rundt skulen i Lindås er eit viktig element for at skulen skal opplevast som ein god arbeidsplass for lærarane og ein god stad for læring for elevane. Stadige trugsmål om nedlegging er ikkje bra for miljøet.”

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar